

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 24.04.2014  
**Sak:** 14/14

**Arkivsak:** 13/3932  
**Tittel:** Saksprotokoll: Løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogndal kommune

---

## Handsaming:

Laura Kvamme (Sp) sa seg ugild til å delta under handsaming av saka med bakgrunn at ho er styremedlem i Sognekraft. Sognekraft er konsesjonssøklar for eit av dei konsesjonssøkte småkraftverka. Kommunestyret slutta seg til det. Ikkje møtande vararepresentant.

Eline Orheim (Ap) sa seg ugild til å delta under handsaming av saka med bakgrunn at ho er gift med grunneigar som har interesse i ei av dei konsesjonssøkte sakene. Kommunestyret slutta seg til det. Geir Volle (Ap) møtte som vararepresentant.

Hans I. Haugen (V) la fram forslag om følgjande endring , siste setning i tilrådinga:  
Kraftstasjonen må flyttast til alternativ plassering synt på høyringsmøte.

Ingen opprettheld tilrådinga frå formannskapet på dette punktet.

Steinar Øydvin (Sv) la fram følgjande framlegg til vedtak:

*Kommunestyret tilrår at det vert gjeve konsesjon for Tverrdalselvi småkraftverk, Botna småkraftverk, Skeidsflåten småkraftverk og Fardal småkraftverk.*

*For Tverrdalselvi småkraftverk bør konsesjonen verta gjeven på følgjande vilkår:*

*Det skal gjennomførast tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød.*

*Kraftleidning over Bøyaelva bør, om mogleg, erstattast med jordkabel.*

*Anleggsperioden bør leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.*

*For Botna småkraftverk bør konsesjonen verta gjeven på følgjande vilkår:*

*Anleggsperioden bør leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.*

*Kommunestyret tilrår at det ikkje vert gjeve konsesjon for Jakobbakka-, Mundalselvi- og Tverrdøla småkraftverk.*

Tilrådinga fekk 20 røyster (9 Ap, 3 Sp, 2V,2 H, 2 KrF, 2 FrP).

Framlegget frå Steinar Øydvin fekk 2 røyst (Sv).

## Vedtak:

Bruk av rein og fornybar energi er eit viktig klimatiltak. Utnytting av vassressursane gir verdiskaping for lokalsamfunnet . Ei samla vurdering er at samfunnsnyttan av småkraftutbygging er større enn ulempene med naturinngrepa utbygginga medfører.

Kommunestyret tilrår at det vert gjeve konsesjon for Skeidsflåten-, Mundalselvi-, Tverrdalselvi-, Tverrdøla- , Fardal-, Botna- og Jakopbakka småkraftverk.

For alle utbyggingane bør konsesjonen verta gjeven på følgjande vilkår:  
Anleggsperioden skal leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

For Tverrdalselvi småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Det skal gjennomførast tiltak som minimerer problem med gassovermetting og fiskedød.  
Kraftleidning over Bøaelvi skal om mogleg erstattast med jordkabel.

For Jakobsbakka småkraftverk bør det setjast flg. tilleggsvilkår:  
Kraftstasjonen må flyttast til alternativ plassering synt på høyringsmøte.